



Full fart frå start!

No er resultatane klare.

I kveld, onsdag, vart 2. løp i Kvinnheradskarusellen i terrengløp arrangert. Start og mål var ved Handeland gard, og arrangørar var idrettslaget Ternen. Det sette ein ekstra spiss på arrangementet at dei diska opp med lappar, kaffi og brus. Denne gongen var det 23 uskedelingar som deltok, og dei gjorde ein flott innsats.

Elles vart det litt kluss med tidtakaranlegget. Det kom i hovudsak av at mange deltakarar meldte seg på tett opp mot start. Dette førte også til litt venting. Oppmodinga vert derfor at dei som har lyst å delta, melder seg på ved å gå inn på nettsida til UIL til neste løp. Det gjer det lettare for arrangørane.

Neste løp vert i Herøysundet onsdag 22.april, og deretter vert karusellen avslutta med Spar-løpet og Kvinnheradsmeisterskap på Sandakaien laurdag 25.april kl.13.00. **Hugs påmelding til desse løpa alt no [via UIL si heimeside.](#)**

Fullstendig resultatliste og fleire bilete vil de finna [på UIL si heimeside.](#)



Strålende innsats av Sunniva E. Myklebust og Thea Soltveit Taranger.



Hard duell mellom Jonathan Taranger og Mathias Børve med Kristian Øvstebø like bak.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Knut Johannes Ripel